# TUFTE KÅRHUS




## Fakta

**Passar for**
Familiar, par, små grupper

**Tilgjengeleg**
Heile året

**Den eldste delen av kårhuset på Tufte vart bygd 1880/90-årå.**

Den gongen stod huset på nabogarden Kvamme.

I 1938 vart det flytta over elva og opp til oss på Tufte gard. I 2020 vart det totalrenovert.

Kårhuset er over to etasjar, og har i dag stor stove, kjøken, bad og to soverom og eit inngangsparti.

Kvart soverom har to enkeltsenger som er sett saman som dobbeltsenger, men som lette å dele opp.

**Det er barneseng på det eine soverommet. I stova er det i tillegg ein sovesofa.**

I huset finn du oppvaskmaskin, vaskemaskin og alt av kvitevarer. Her er gratis WIFI. Ekstra koseleg er at huset har peisomn for vedfyring i stova.

**Kårhuset har eigen hage med pavilijong/lysthus.**

Det er parkering rett utanfor huset, midt i gardstunet

**På gården går det storfe og på tunet ruslar det fleire katter.**

Tufte kårhus passar veldig godt for par, familiar og for små grupper.

Du finn oss ved delstrekninga Borlaug-Borgund stavkyrkje. Det er knappe 2 kilometer til matbutikk, gatekjøkken, pub og kafé i Borgund sentrum.

**Det er fleire turstiar å gå i umiddelbar nærleik. Og lett tilgjengeleg aurefiske i Borgundselva som renn gjennom garden.**

Velkommen til gards!





### Tufte kårhus

Les mer



Jan Geir Solheim

(+47) 9888 8800

E-post




Kongevegen over Filefjell

info@visitkongevegen.no

Bruk av cookies